



# Solund kommune

Sentraladministrasjonen

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**ArkivsakID:** 18/555    **JournalID:** 18/3109    **Arkivkode:** K2 - S82, K3 - &83    **Dykkar.ref**    **Dato:** 18.10.2018

## Innspel til arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land - frå Solund kommune

Viser til brev datert 08.06.2018 og 05.09.2018 der NVE ber om innspel om viktige regionale interesser til Nasjonal ramme for vindkraft på land.

Viser og til samtale med sakshandsamar i dag, der vi fekk tydeleggjort kva type innspel NVE er ute etter. Det vart då presisert at politiske innspel for eller mot vindkraft i bestemte område ikkje er relevant i denne runden, berre faglege innspel som gjeld regionale og nasjonale interesser knytt til dei einskilde fagtema er av interesse. Slik vi forstår er det av særleg interesse at opplysningar om viktige manglar knytt til regionale og nasjonale interesser i nasjonale databasar vert spelt inn. Dette vil bidra til å forbetre kunnskapsgrunnlaget som skal ligge til grunn for det vidare arbeidet med utarbeiding av ei Nasjonal ramme for vindkraft på land.

Administrasjonen i Solund kommune har forsøkt å gå igjennom kunnskapsgrunnlaget som ligg føre for å finne eventuelle manglar innan ulike fagtema. Gjennomgangen har vist at det er manglar i kunnskapsgrunnlaget på fleire felt. M.a. har det vist seg at mykje kjent kunnskap som skulle ha vore lagt inn i nasjonale databasar ikkje ligg i desse databasane. Det medfører at kjent kunnskap om fagtema knytt til natur og friluftsliv i Solund ikkje vil bli rett vurdert utan ei oppdatering av desse databasane.

Vi ynskjer å kome med innspel og merknader til fylgjande fagtema:

### Faggrunnlag naturtypar:

Solund kommune har store område med viktige naturtypar som kystlynghei, naturbeitemark og kystfuruskog. Mange av desse områda er rekna som svært viktige (A-områder). Når vi ser i Naturbase så finn vi at det manglar fleire område. Det er eit stort etterslep på registrering år i Naturbase, dette skuldast manglande prioritering på Fylkesmannsnivå, over fleire år.

Eksempelvis kan vi nemne at det i 2012 vart utarbeidd ein rapport *Naturverdier på fem øyer i Solund* (Enzensberger, T 2012). I rapporten er det skildra ikkje mindre enn fire større område/lokalitetar med kystlynghei som alle er svært viktige (A-område), Lågøy nord (A), Færøyna (A), Hågøyna (A) og Oddekalven vest (A). Ingen av desse områda er lagt inn i Naturbase, sjølv etter talrike oppmodingar til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det er grunn

til å tru at det same er situasjonen når det gjeld manglande registreringar i Naturbase for andre område i Solund, andre stader i Sogn og Fjordane og elles i landet.

At alle kjente registreringar av svært viktige naturtypar (A-område) er lagt inn i naturbase er avgjerande i den metodikken som det er lagt opp til i arbeidet *Nasjonale ramme for vindkraft på land*. Det bør difor setjast av tid og ressursar hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og i eventuelt i andre fylke for å leggje inn dei registreringane som finst.

### **Faggrunnlag friluftsliv:**

Det finst lite oppdatert informasjon om friluftsområde i Solund, noko som vår kommune truleg har til felles med mange andre kommunar. Friluftslivet på kysten har utvikla seg mykje dei siste tiåra, m.a. har kajakken vorte allemannseige og viktig som farkost for friluftslivet. Dei kartleggingane og registreringane som ligg i Naturbase baserer seg på registreringar frå 20-30 år tilbake i tid, og må difor takast med ei stor klype salt. I dag er gjerne andre område like viktig og meir aktuelle.

Solund er mellom kommunane som er i ferd med å ferdigstille kartlegging og verdsetting av friluftsområde i vår kommune. Denne type kartleggingar burde lege til grunn for vurderingar av kvalitetar for friluftslivet i kommunane.

Statleg sikring av friluftsområde er ei lite nytta ordning i Sogn og Fjordane samanlikna med andre fylke, t.d. nabofylka Hordaland og Møre og Romsdal. Bakgrunnen for at ordninga er lite nytta i vårt fylke er m.a. at vi ikkje har hatt noko friluftsråd i fylket. Friluftsråd nord og sør for oss har gjennom fleire tiår arbeidd for statleg sikring av viktige friluftsområde på kysten, noko som viser att i naturbase. Denne skeivheita kan føre til at viktige friluftsområde i vårt fylke ikkje vert vektlagt like mykje sidan dei ikkje er statleg sikra.

### **Andre tema:**

Det er enno ikkje lagt fram nokon rapport som gjeld viktige fagområde som reiseliv og næringsutvikling. Desse fagfelte kan vi difor ikkje seie noko særskilt om pr dags dato.

Ber om at innspel vert vurdert og teke med i det vidare arbeidet med ei Nasjonal ramme for vindkraft på land.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
Sakshandsamar

### **Vedlegg:**

Rapport - Tanaquil Enzensberger - Fem øyar i Solund  
Biologisk mangfald i Solund rapport 2006